

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim



**Åpningsfest**  
**ERVIKA DAMPBAD**  
**lørdag 7. mars**  
**kl 14.00**

**FONNES BYGDELAG**

Velkommen til høytidelig åpning av badstua, med "snorklipp" ved adm.dir. Lisbet K Næro fra hovedsponsor Fana Sparebank.

"Hopp i havet" – damp og dypp eller dypp og damp for de tøffe, resten av oss får gjøre en innsats som heilagjeng!

Vi holder god fyr i bålpannene og serverer "bobler", rykende varm kjottsuppe og nybakt focaccia.

*Finn fram tjokkeleista, badedrakt og ullhua og bli med på morou :)*

Kyrkjebakken nr. 2 – 2026 – februarnummeret – årgang 55- Nytt stoff innan 13. mars



Familiegudsteneste 15. februar

# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakater for eventuelle endringer.

## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Jostein Hauge	404 66 211
Organist Lyder Minde Janøy	930 52 962
Kyrkjetenar Gry Haukeland	400 47 718
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	416 62 610
Trusopplærar	
Amelie K. Storebø	483 57 027

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

**Fredag 06.mars kl. 18.00**

**Gudsteneste for alle**

**Fredag 06.mars – Laurdag 07.mars**

**Lys Våken**

**Søndag 08.mars kl. 17.00**

**Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse**

**Søndag 22.mars kl. 12.00**

**Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse**

**Tirsdag 24.mars**

**Fasteaksjon Kirkens nødhjelp**

**Søndag 29.mars kl. 18.00**

**PETERS PÅSKE**

**I ord, sang og toner følger vi disippelen**

**Peter gjennom påskedagene.**

**Bli med på en unik konsertopplevelse**

**i Austrheim kyrkje.**

**Gratis inngong. Kollekt.**



# Finst ein veg frå tvil til tru?

*Tekst: Joh 20, 19 – 31*

Jesus måtte gå gjennom stengde dører for å koma inn til disiplane sine. Dei var redde.

Frykt, forvirring, tvil og anna kan få oss til å stengja dører. Verda ute kjennest hard, ofte trugande, brutal. Vi ynskjer å stengja verda ute og oss inne.

Jesus kritiserer dei ikkje for å ha stengt seg inne. Våre stengsler er ikkje noko problem for han.

Disiplane var mismodige. Men dei kom saman. Då kom Jesus og.

Disippelen Tomas har fått ein spesiell plass. Ikkje fordi han tvilte, men fordi han kom til tru.

Kanskje skuldast Tomas sin tvil feilen han gjorde første påskedag. Denne kvelden stilte han ikkje med dei andre. Sat han heime, tru? Kvidde han seg for å gå ut att? Dei siste dagane hadde tatt på. Han var trøyt. Kva skulle det forresten tene til å møtast att, no som hovedpersonen var borte!

Heldigvis fann han att plassen sin neste søndag.

Han er atter i lag med kameratane. Då kjem Jesus og møter han og.

Fort kan tvil og mismot få overtaket på oss. Over tid kan det utvikle seg til likesæle.

Ingen stad, trur og håpar eg, er betre å gå med tvil, mismot og nederlag enn der menneske kjem i lag på grunn av Jesus

Krisus. Der kjem Herren sjølv og er med – etter sitt løfte.

Han forserar gjerne våre stengsler som tvil, fall, menneskefrykt og anna slikt har skapt av sperrar i oss.

Burde ikkje Tomas trutt kameratane sine når dei sa at dei hadde sett Herren?

Han burde vel kanskje det. For dei snakka jo sant. Men dei kunne ikkje møte Jesus for han, og ikkje kunne dei tru for han.

Som eit unntak fekk Tomas "spesialoppvarming". Han fekk sjå og ta på Jesus. Han fekk leggja handa si på Jesu sår etter spikar og spyd.

Men slik skulle det ikkje bli for framtida. "Sæle dei som ikkje ser og endå trur" seier Jesus, og ser for seg framtidige disiplar - slike som oss!

Jesus prisar den som ikkje ser, men likevel trur, som ser han i vitnemålet, i Ordet, Dåpen, Nattverden, i det heilage samfunnet.

Evangelisten hadde eitt enkelt sikte med alt han skreiv ned av minne frå livet i lag med Jesus:

**"Dette er oppskrive for at det skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn"**

*Det finst ein veg til tru – ein farandes veg*

*Stein Hugo Fykse  
spr*



# Årsmøte 2026

Seniorsenteret  
onsdag 4. mars kl 17.30

## Vanlige årsmøtesaker behandles.

Har du ønsker eller forslag du vil skal behandles  
må disse være styret i hende innen 18/2

*Vel møtt nye og gamle medlemmer !*

Etter årsmøtet, ca kl. 19, byr vi på kaffe og litt å bite i før vi  
slipper løs vår helt egen "steingale" geolog :)

Vet DU hva grunnen under huset ditt består av,  
hva du har liggende i naust og bu, eller hva du har rundt deg  
når du vandrer langs veier og på stier?

Kom og hør professor emeritus Håkon Olav Austrheim sitt  
foredrag om stein og bergarter i Austrheim.



**Velkommen alle !**



## Austrheim sokn

### Gravlagde

09.12.25	Tormund Reidar Nesse	f.1945
30.01.26	Odd Gunnar Kalgraff	f.1943
20.02.26	Janne Karin Leikvoll	f.1970

### Døpte

01.02.26	Ulrik Myhre Tolleshaug
15.02.26	Matilde Flintegård Lerøy Fredrik Keilegavlen Øien



### Hjarteleg takk

til diakoninemnda for sjokoladen på  
80-årsdagen min, og takk til  
saniteten for julestjerna.

**Helsing Johnny Fønnes**

### Tusen takk

for nydelig julestjerne fra  
Lindåsneset sanitetslag.

**Helsing Jorunn og  
Oskar Fønnes**

### Ei varm takk

for alle helsingar,  
blomar og deltaking i samband  
med min kjære mann,  
vår gode pappa og morfar,  
Kjell Hopen sin bortgang.  
Ei stor takk til Vatne  
Begravelsesbyrå for  
særs god hjelp og støtte i ei  
vond tid.

Takk også til personalet på  
Nordliheimen som gjorde den siste  
tida god for både  
Kjell og pårørende.

**Helsing Karen-Erene,  
Magnhild m/fam, Harald og Yngve**



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



FONNES  
BYGDELAG

### Årsmøte 2026

onsdag 18. mars kl 18.00  
Kilstraumen Brygge

#### Årsmøtesaker:

1. Årsmelding
2. Regnskap
3. Vedtektsendringer
4. Innkomne saker
5. Valg

Saker som ønskes behandlet av årsmøtet  
må leveres/sendes styret senest 4. mars.



Etter årsmøtet, ca kl 19, blir det folkemøte  
med kommunedirektør Britt M S Lerøy  
og ordfører Morten Sognnes

#### TEMA:

Status, utviklingsmuligheter  
og fremtidsutsikter i  
Kaland-/Fonnes-området og  
kommunen forøvrig.

Enkel servering.

**Velkommen alle !**

# LYS VÅKEN

Fredag 06.mars kan alle som går i 5.klasse  
bli med på Lys Våken i Austrheim kyrkje.  
Ein startar fredag kveld og overnatter i kyrkja til laurdag 07.mars.

Påmelding til Trusopplærar  
Amelie 483 57 027 eller til [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)

**Fredag 06. mars**

**I Austrheim kyrkje**

(Den skulle vert arrangert i februar,  
men vart utsatt grunna sjukdom.)

# ÅRÅS BEDEHUS

Årsmøte torsdag 5.mars. 19:00

Møte søndag 15.mars. 11:00 Asle Hetlebakke talar.

Ønskekonserten mandag 23.mars.17:00 Allsong fra sangboka.

Møte søndag 29.mars. 11:00 Reidun Skurtveit talar. Nattverd.

**Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30**

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no



ÅRÅS Sanitetsforening

# BASAR

Velkommen til basar på  
Austrheim Samfunnhus  
sundag 22. mars

Loddsal  
Åresal  
Servering

Innkalling til

# ÅRSMØTE

Betania Leirvåg STI

torsdag 19. mars 2026  
kl. 19:00 på  
Lervåg Bedehus

**Alle velkomne!**  
**Harald Odd Sognnes**  
**Leiar**



VIL DU HA ANNONSE  
I KYRKJEBAKKEN?

Heilside  
1000,-

Halvside  
500,-

1/3 side  
350,-

1/4 side 250,-

Små annonser  
150,-

Takkeannonser  
**GRATIS!**



DØGNVAKT: 56 37 14 10

Begravelsesbyrået med hjerte for distriktet  
og omsut for kvar einiskild familie.

Alver—Austrheim—Bergen—Fedje—Gulen—Masfjorden—Modalen  
www.nordh-bb.no



# VATNE

begravelsesbyrå

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

**vatne-byra.no**

# BASAR

på Lervåg Bedehus  
fredag 6. mars  
2026 kl. 18:00

**Harald Odd Sognnes**



Vel møtt!

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:	Kyrkjebakken kjem ut:
13.mars	25.mars
17.april	29.april
29.mai	10.juni
14.august	
18.september	25.august
16.oktober	30.september
13.november	28.oktober
	25.november



# Min Salme



Det er utruleg kjekt å få spørsmål om dette. Salmane er ein del av den norske kulturarven, som det er viktig å ta vare på. Når eg no skulle velja ein var det vanskeleg. Eg har mange gode alternativ, men landa til slutt på sjølvaste nasjonalsongen vår,

**Ja, vi elsker dette landet.**

Nasjonalsongen vår skal me vera stolt av. Den er skriven i ei anna tid enn det me lever i no. Teksten handlar om at me vann demokratiske rettar etter ein hard kamp. Rettar som me, i dagens samfunn fort kan ta for gitt. Sjølv om me har aldri opplevd denne kampen på same måten, er det viktig at me ser kva som er gjort i fortida, og som gjer at me har det så godt i Noreg som me har det i dag. Demokratiske rettar, fred og fridom er ikkje sjølvstekt i verda i dag. Dette er verdiar som me må verne om og stå saman om. Songen handlar òg om nettopp det, at me må vera takksame. Strofa, «Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!», viser til nettopp dette. Den sameinar nasjonal stoltheit og takksemd. Denne strofa er nok den som rører meg mest når me på 17. mai syng songen ved Nordliheimen. Då kjenner eg på ei enorm glede og stoltheit over landet vårt, samholdet og samfunnet vårt.

Ja vi elsker, NoS 755  
T Bjørnstjerne Bjørnson 1859, 1869  
M Rikard Nordraak, ca. 1863

1 *Ja, vi elsker dette landet som det stiger frem, furet, værbitte over vannet, med de tusen hjem. Elsker, elsker det og tenker på vår far og morog den saganatt som senker drømmer på vår jord.*

2 *Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud! Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut. Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har grett, har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett.*

3 *Ja, vi elsker dette landet som det stiger frem, furet, værbitte over vannet med de tusen hjem. Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir, også vi, når det blir krevet, for dets fred slår leir.*

Takk for tilliten.  
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn



# Bygda treff

På den siste samlinga fekk dei framømte oppleve ei engasjerande stund då Idar Hopland og Atle Lervåg delte frå Kulturminnevandringa i Kvalvågen. Med både gamle og nye bilete, kart og forteljingar fekk publikum eit levande innblikk i historia og utviklinga av området. Rundt 100 personar møtte fram, noko som vitnar om stor interesse og eit sterkt lokalt engasjement.

Rune Minde leia samlinga med ein fin balanse av humor og alvor, og skapte ei god ramme rundt programmet. Musikken stod Jan Foss og Lyder M. Janøy for – med gitarspel og kjende songar som sette stemninga. Som alltid vart det servert kaffi, smørbrød og god prat rundt borda, og praten gjekk lett.

**Neste bygdatreff er 25. mars.**  
Målet med Bydatreffet er enkelt: å skape ein møteplass der folk kan senke skuldrene, treffe naboar og vere ein del av eit inkluderande fellesskap. Bydatreffet er ope for alle – og alle er velkomne.





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

### Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15

### Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

## GOD BOK



### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel  
 tlf. 56 16 21 42 / 56 16 20 00  
 Sætremarka 2,  
 5943 Austrheim

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson  
 tlf. 966 26 656  
 Sætremarka 2,  
 Mandag onsdag og torsdag

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

## AUSTRHEIM LEGEKONTOR

tlf. 56 16 82 00

Telefontid

Måndag til fredag:

kl. 08.30 - 12.00 og kl. 13.00 - 14.00

Torsdag kl. 09.00 - 12.00

og 13.00 - 14.00

## AUSTRHEIM HELSESTASJON

Opningstid: kl. 08.30 - 15.00

Helsesjukepleiar tlf. 56 16 82 11

Psykisk helse tlf. 56 16 82 13

Jordmor er å treffe på

Austrheim tysdag og onsdag.

Tilgjengeleg på telefon måndag  
 - fredag, tlf. 453 55 034

## TELEFONNUMMER I PLEIE- OG OMSORG:

Nordliheimen: 46 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
 56 16 20 49

Heimesjukepleien:  
 56 16 21 25

Tildelingstenesta:  
 56 16 21 42/ 56 16 20 00

## DRØMMER OM FREDSSENTER FOR FULANIFOLKET

*Vest-Afrika-misjonær Frode Brügger Sætre minner seg selv på at han må huske å være takknemlig. Han tenker for egen del, og for oss alle, at det er så lett å fokusere på problemene, og så glemmer vi alt vi har å takke for.*

**Tekst og foto: Steinar Kristiansen**

– Det er mye jeg er takknemlig for. Jeg har hatt god helse her, og det gjør at jeg kan trives og ha det bra.

Sætre er utsending for NMS (Det Norske Misjonsselskap) blant fulanifolket. Tradisjonelt har de vært regnet som et seminomadisk folk med løse røtter over en stor del av Vest-Afrika. Men i slutten av juni, kan du treffe ham på generalforsamlingen til NMS i Bergen. Lørdag 27. er han festtaler i storstua på Scandic Hotel på Flesland. Her vil han blant annet snakke om takknemlighet.

Lenge arbeidet han i Mali, men en stadig forverret sikkerhetssituasjon i landet har gjort at han har måttet flytte til Elfenbenskysten, der han nå har base nordvest i landet, en misjonsstasjon eid av Norsk Luthersk Misjonssamband.



*En del av Fulanifolket har etablert seg i de tropiske grenseområdene mot Guinea. Frode Brügger Sætre trives sammen med fulanifolket.*

NMS-utsendingen er takknemlig for at Gud har ledet han til en del strategiske personer i regionen han arbeider i.

– Jeg føler jeg kan hvile i de relasjonene. Han trekker særlig frem vennen «Seydou», en fulanier som har åpnet dører for evangeliet.

– Jeg ønsker at jeg sammen med «Seydou», eller flere andre kristnefulaniere, kan bygge opp ett eller flere fredssentre for fulanifolket.

Han beskriver visjonen som en fulaniplass med mye dyr, for fulanerne liker dyr. Her skal være en mulighet til å komme, en åpen dør der folk kjenner seg velkommen, enten for kortere eller lengre tid – uansett med fokus på fellesskap.

Frode søker å leve etter Filipperne 2, vers 5–11, hvor Paulus skriver om å la Kristi sinnelag få være i oss. Frode tenker at misjonsarbeidet begynner med å stige ned.

– Som misjonærer må vi gi avkall på vår egen kompetanse, sier han ettertenksomt og understreker at de gode relasjonene er preget av gjensidighet.

Her får du informasjon program for generalforsamlingen til NMS og påmeldingsmulighetene: [nms.no/gf](http://nms.no/gf)



**27. juni skal Frode Brügger Sætre være festtaler på generalforsamlingsfesten til NMS på Scandic Flesland.**

## FRILUFTSLIV 2026



## Austrheim kommune sin visjon er: AKTIV KVAR DAG HEILE LIVET

### TURSTIGRUPPA

vart oppretta i 2025 – friluftslivets år. No held me fram med turar der grendalaga tek ansvar for planlegging og gjennomføring. Det vert ein dag i månaden. Turane passar for heile familien! Velkomne på turane!

Sjå annonsering på kommunen sine heimesider, og heimesidene for grendalaga. Turstigruppa har hatt møte og laga plan for turane:

28.03.	kl. 12 - laurdag	Opning av stolpejakta. Start ved hallen. Etterpå tur i Leikvollskogen
30.04.	kl. 18 - torsdag	Krossøy
28.05.	kl. 18 - torsdag	Til kvernene i Hoplandsmarka
27.08.	kl. 18 - torsdag	Øksnesmarka
24.09.	kl. 17 - torsdag	Seteneset
25.10.	kl. 14 - søndag	Vardetangen

Vi støtter Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.  
**BLI MED**



24. mars 2026